

# ***Fjord1***



**Utgreiing etter  
Openheitslova**

Rekneskapsåret 2024

# Innhold



|                                     |    |
|-------------------------------------|----|
| Innleiing                           | 4  |
| Organisasjon og ansvarsforhold      | 7  |
| Styrande dokument og retningslinjer | 8  |
| Incentra                            | 10 |
| Vurdering av varsemd                | 11 |
| Metode                              | 13 |
| Tiltak                              | 17 |
| Varslingskanal                      | 18 |

Organisasjonsnummer: 983 472 583

Foto: Øystein Torheim/Fjord1 Design: Frequency AS



# Innleiing

Fjord1 er ein leiande aktør i den Norske ferjemarknaden og skal tilby reisande ein trygg, påliteleg og miljøvennleg transport. Vi tilbyr ferje- og hurtigbåt tenester langs kysten av Noreg.

Fjord1 er opptatt av å ta samfunnsansvar i korleis vi i vår daglege drift påverkar menneske, miljø og samfunnet rundt oss der målet er å opptre som ein ansvarleg samfunnsaktør, der relasjonane er bygd på tillit og truverd.

Fjord1 sitt samfunnsansvar skal mellom anna spegle selskapet sine kjerneverdier som sikkerheit for tilsette, kundar og leverandørar. Fjord1 har mange leverandørar innan ulike segment av varer og tenester. Dette betyr at vi har stor breidde i type leverandørar som leverar til oss; alt frå ulike delar og komponentar, til service og vedlikehald på verft. I tillegg kjøper vi reinhaldstenester, leveranse av mat og snacks til kioskar om bord i våre fartøy, samt leveransar til kontordrift på våre lokasjonar i Noreg.

Fjord1 anskaffar også fartøy og utstyr i stort omfang og av høg verdi.

Det er gjennomført ei kartlegging i dei ulike innkjøpskategoriane, med mål om å skaffe meir inngåande kunnskap om positive og negative påverknader, i tillegg til kvar i verdikjeda eventuelle brot på menneskerettar kan oppstå.

Våre tilsette er ein sentral bidragsytar i dette arbeidet. Dei skal melde frå dersom dei oppdagar brot på menneskerettar hos våre leverandørar. På den måten kan vi som selskap krevje at leverandøren skal gjere endringar, eventuelt avsluttar samarbeidet.

I den samanhengen har vi gjennomført ei stor opprydding i leverandørregisteret vårt og stengt av ei rekkje leverandørar, for å få betre kontroll på innkjøpa våre og sikre at vi kjøper varer og tenester hos dei som tek eit aktivt samfunnsansvar.

Fjord1 gjennomfører eit større innkjøpsprosjekt i selskapet for å setje søkelys på innkjøp og prosessen knytt til kvart enkelt innkjøp. Vi ønskjer å bevisstgjere innkjøparane våre til å ta rette val av leverandør, samt å skape lojalitet til dei leverandørane vi har avtale med, og stadfesta at dei tek samfunnsansvaret sitt på alvor.

Målet vårt er å få betre kontroll på kva leverandørar som blir nytta, og i den samanhengen sjå til at desse tek aktivt samfunnsansvar, miljøomsyn og sosialt omsyn i verdikjeda si.

I den samanheng er vi avhengig av at leverandørane har tillit til innkjøpsprosessen og etterlever våre krav. Vi er opptatt av at tilsette i heile leverandørkjeda har eit godt arbeidsmiljø og at helse, miljø og sikkerheit har høgaste prioritet hos våre leverandørar.

## Openheitslova

Fjord1 er eit av Noregs største ferjearlag, noko som tilseier at vi fell inn under Openheitslova sine retningslinjer. Vi er leiande innan elektrisk ferjedrift og vi arbeidar med berekraft innan innkjøp av varer og tenester knytt til drifta. Vi skal samarbeide med leverandørar som tar samfunnsansvar, frivillig integrerer miljøomsyn og tar sosiale omsyn i heile verdikjeda. I tillegg forpliktar våre

rammeavtaleleverandørar seg til å følgje gjeldande internasjonale og nasjonale regelverk. Vi gjennomfører nokre av dei største innkjøpa utanfor våre rammeavtalar, og desse forpliktar vi også til regelverket.

Rapporteringsperioden gjeld rekneskapsåret 2024.





# Organisasjon og ansvarsforhold

## Organisasjon

Kjerneverksemda til Fjord1 er ferjetransport, og reiarlaget er det største ferjeselskapet i Noreg. I 2024 drifta selskapet 42 samband, med 80 fartøy i fem fylke; Vestland, Møre og Romsdal, Rogaland, Trøndelag og Nordland. I 2024 drifta Fjord1 tre av dei største ferjesambanda i Noreg.

Administrativt personell er tilsett i F1 Administrasjon og er lokalisert i Florø, Molde og Bergen.

## Ansvarsområde og retningslinjer

Administrerende direktør har det overordna ansvaret for å følgje opp Fjord1 si etterleving av Openheitslova, deriblant rutinar, gjennomføring og publisering av aktsemdvurderingar etter lova sine paragrafar 4 og 5. Dei meir spesifikke ansvarsområda som ligg under Openheitslova vert sikra gjennomført i samråd med økonomidirektør og innkjøpsleiar.

Openheitslova er forankra i selskapet sin berekraftstrategi, samt i retningslinjer og rutinar, som sikrar at ansvar og etterleving av Openheitslova har ei faktisk og operasjonell forankring.

## Eigne tilsette

I Fjord1 har vi høgt fokus på menneska som jobbar i selskapet. Dei skal ha ein trygg arbeidsplass og eit godt og forsvarleg arbeidsmiljø.

Fjord1 har ein eigen HMS-handlingsplan med status og tiltak som er tilgjengeleg i vårt styringssystem og denne har alle tilsette tilgang til. I denne planen ligg det ein integrert proaktiv HMS- og sikkerheitsplan. Tiltak vert gjennomført og følgt opp kontinuerleg.

Som reiarlag har vi eit høgt fokus på sikkerheit. Vi skal ivareta både passasjerar og egne tilsette om bord på våre ferjer. Dette har høgaste prioritet.

For å sikre eit trygt arbeidsmiljø for tilsette om bord, lanserte Fjord1 i påska 2024 kampanjen Ferjevettreglane. Kampanjen nytta folkeopplysning gjennom sosiale medium for å fremje sikkerheit for dei tilsette og reisande. Desse reglane tok høgde for både fysiske og psykososiale risikofaktorar i arbeidsmiljøet. Som ein del av tiltaket vart det i løpet av året sett opp plakatar med Ferjevettreglane i passasjersoner på alle Fjord1 sine fartøy og kontorlokasjonar. Informasjon om reglane vart også delt på Instagram, LinkedIn, Facebook og gjennom nyhende på radio og nettaviser.

Fjord1 tek vare på sine egne tilsette og har høgt fokus på eiga verksemd. Vi vurderer risikoen for å vere svært låg når det gjeld eiga verksemd.

# Styrande dokument og retningslinjer

Fjord1 sine forretningsetiske retningslinjer (Code of Conduct) er eit av selskapet sine viktigaste styrande dokument. Retningslinjene legg grunnlaget for våre reglar og prosedyrar.

Våre forretningsetiske retningslinjer beskriv vår etiske standard og forventningar. Kulturen i Fjord1 er tufta på god forretningsskikk, ei open og ærleg framferd og respekt for andre menneske.


Vi skal behandle våre leverandørar upartisk og rettferdig. Fjord1 skal ha fokus på etikk, og menneskerettar. Leverandørar som konkurrerer om kontrakt/leveranse med Fjord1 skal alltid ha tillit til selskapet sin integritet i utvalsprosessen. Ved val av leverandør skal alltid Fjord1 sine bedriftsinterne retningslinjer og prosedyrar følgjast. Vi har også eit grunnleggande krav om samfunnsansvar til våre leverandørar. Leverandørane må stadfeste at dei ikkje bryt grunnleggande lovar og reglar i høve til arbeidstakar- og menneskerettar, HMS, er føre-var i miljø saker og motarbeidar alle former for korrupsjon. Krava er forankra gjennom våre forretningsetiske retningslinjer og våre innkjøpsprosedyrar. I anbudsprosessar set vi også krav som gjer at dette ikkje er å sjå på som frivillig for leverandørane.

Vi innførte allereie i 2016 to egenerklæringar for HMS og samfunnsansvar som jamleg blir oppdatert i samsvar med regelverket.

Dokumenta blir jamleg oppdatert for å synleggjere at Fjord1 har fokus på samfunnsansvar og HMS. Vi stiller krav til våre leverandørar og deira underleverandørar i høve til «Corporate Social Responsibility» (CSR). Samfunnsansvar betyr i denne samanheng at bedrifter frivillig integrerer miljøomsyn og sosiale omsyn i heile verdikjeda. I anbudsprosessar er dette sett som eit absolutt krav. Det kan vere utfordrande i forhold til våre utanlandske leverandørar, då desse må forholde seg til sitt eige lands lovar og reglar.

Våre leverandørar må som nemnt ovanfor også forplikte seg til å følgje gjeldande internasjonalt og nasjonalt regelverk, som mellom anna FNs verdserklæring om menneskerettar. Her under gjeld FN sine berekraftsmål og prinsipp basert på FN og ILO konvensjonar, miljøansvar, motarbeide korrupsjon og overhalde Openheitslova sine krav. Leverandørar skal også identifisere risiko for menneskerettsbrot i eiga verksemd og leverandørkjede, og ha ei risikobasert tilnærming til å overhalde menneskerettar i leverandørkjeda.

Gjennom inngåtte avtalar med leverandørar og verft har ein sikra anledning til å gjere eigne eller 3. part audit av verksemdar for å ettergå etterleving av forplikta regelverk.



# Incentra

Fjord1 er medlem av Incentra som er ein innkjøpsorganisasjon for norske reiarlag. Incentra inngår avtalar på vegne av medlemmane i samvirket. Før ein eventuell avtale vert inngådd må alle leverandørar gjennom ei kvalifisering for å bli leverandør til Incentra. Her må også leverandørane kvalifisere seg innafor ei rekkje krav som det å respektere menneskerettar, tryggleik og miljø, samt å motarbeide korrupsjon. Kriteria menneskerettar, anti-korrupsjon, forretningsetikk, transport og emballasje for å nemne nokre, må vere på plass før ein avtale kan signerast.

Alle medlemmar av Incentra gjennomfører ei leverandørevaluering kvart år for å sikre tilbakemelding til Incentra på dei leverandørane dei nyttar gjennom året.

Vidare samlar Incentra kvart år inn informasjon frå deira leverandørar gjennom Factlines programvare. Eigenrapporteringa er basert på UN Global Compact og OECDs retningslinjer for ansvarleg næringsliv og er i tråd med prosessen for aktsemdvurderingar som vert kravd i Openheitslova. Incentra har fått Factlines Verifiseringsmerke for Openheitslova.

Datainnsamlinga gir grunnlag for å vurdere om det er etablert god praksis for å overhalde Openheitslova.

[Les meir om deira arbeid med Openheitslova.](#)



# Aktsemdvurdering

Vår tilnærming til aktsemdvurderinga er i tråd med FN sine retningslinjer for ansvarleg næringsliv og menneskerettar (UNGP), samt OECD sine retningslinjer for ansvarleg næringsliv. Gjennom aktsemdvurderinga arbeider vi med å førebyggje, redusere og gjere greie for risikoar knytt til menneskerettar, anstendige arbeidsvilkår og miljøpåverknad. Gjennom openheit, kontinuerleg arbeid og dialog med interessentane vil Fjord1 sikre eit ansvarleg forretningsgrunnlag.

Fjord1 har i si risikoanalyse valt å vurdere ut frå bransje for å kartlegge moglege negative konsekvensar for brot på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Fjord1 har vurdert, rydda og avvikla leverandørar. Tal på leverandørar i portefølja er no redusert betydeleg. Dette arbeidet har hatt prioritet for å få betre kontroll og oversikt på leverandørportefølja. For selskapet er det viktig å vere lojale mot dei avtaleleverandørane som har stadfesta med signatur vår "eigenerklæring for HMS, Samfunnsansvar".

Fjord1 har over 80 fartøy som stort sett er i dagleg drift, og det hender at det oppstår uføresette hendingar som gjere at vi må tilkalle ein leverandør vi ikkje nødvendigvis har kjennskap til, eller har avtale med. Dette betyr at vi må overvake og gjennomføre kontroll av desse leverandørane, men det er ikkje mogleg å følgje opp heile leverandørkjeda.

Vi har gjennomført ei overordna risikovurdering basert på bedriftsbesøk, tilbakemeldingar frå våre tilsette og kollegar i Incentra, med utgangspunkt i Fjord1 sine innkjøpskategoriar.



Kriteria for utveljing er basert på kor vidt desse kan medføre store konsekvensar for enkeltpersonar og/eller grupper av menneske.

Gjennom erfaring og tilsyn har vi prioritert følgjande risikoar som vi skal vurdere i dei ulike kategoriane:

- Forureining eller ulykker
- Låge lønningar som ikkje dekker grunnleggande menneskelege behov
- Overdriven bruk av overtid

Vi tek utgangspunkt i våre næraste leverandørar der vi har sterkast tilknytning og mest påverknad. Dette grunngjev vi i forholdsmessigheit og har difor halde fram med å prioritere dette.



## Metode

Fjord1 har gjort ei overordna risikovurdering (sannsyn og konsekvens) for brot på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. I vår gjennomgang har vi tatt utgangspunkt i omvisingar vi har hos leverandøren i samband med møter og samtalar med tilsette ved slike høve. For 2024 har vi i tillegg etterspurt tilbagemelding frå våre kollegaer som har direkte kontakt med leverandørar og deira tilsette. Fjord1 sitt personell som føl opp byggeaktivitet ved verft, rapporterar også systematisk direkte til verftsleiing og reiarlaget si prosjektleiing om forhold som angår sikkerheit ved verft.

Fjord1 har utarbeidd eit verktøy og gjennomført ei integrity due diligence spørjeundersøking for å legge til rette for Fjord1 si aktsemdvurdering. Verktøyet er bygd opp i tråd med prinsippa om proporsjonalitet og risikobasert tilnærming i Openheitslova. Fjord1 vurderer risikoen av våre leverandørar i to steg: (1) Innleiande risiko- og vesentlegheitsvurdering, (2) Forsterka risikovurdering (om nødvendig).

### Innleiande risiko- og vesentlegheitsvurdering

Steg 1 inneber at vi gjennomfører ei innleiande risikovurdering, der vi vurderer risiko basert på land, risiko for brot på HMS basert på bransje, og risiko for arbeidslivskriminalitet basert på bransje. Leverandøren blir i første omgang klassifisert etter bedømminga i den innleiande risikovurderinga. I tillegg vurderer ein Fjord1 si moglegheit til å påvirke leverandøren (vesentlegheit). Summen av den innleiande risiko- og vesentlegheitsvurdering deler leverandørane inn i to innleiande risikokategoriar:

**Grønn (låg risiko):** Leverandøren har ei innleiande risiko bedømming på 1-2 eller lågare. Inga ytterlegare forsterka risikovurdering (steg 2) er nødvendig.

**Gul (medium/høg risiko):** Leverandøren har ei innleiande risiko bedømming på 3-5 eller høgare. Det er nødvendig å foreta ei forsterka risikovurdering, som betyr at dei resterande risikokriteria må bli vurdert (steg 2).

### Forsterka risikovurdering

Forsterka risikovurdering inneber at Fjord1 gjennomfører ei meir djuptgåande risikovurdering for alle gule (medium- og høgrisiko) leverandørar.

Fjord1 har valt å sende ut eit spørjeskjema til leverandørar i bransjane verft og reinhald, for å ha eit betre grunnlag for å vurdere risikokriteria i den forsterka risikovurderinga.

I samsvar med prinsippet om risikobasert tilnærming, prioriterer Fjord1 først å setje i verk tiltak ovanfor leverandørane med høgast identifisert risiko.

Fjord1 vil overvake og vurdere alle leverandørar jamleg, medrekna implementering av relevante tiltak.

### Avbøtande tiltak

Avbøtande tiltak skal brukast for å overvake implementering og resultat av relevante avbøtande tiltak, knytt til gule (medium- og høgrisiko) leverandørar der det er nødvendig.

Kriteria for vurdering av sannsyn

| Risiko |            | Kriterium                                              |
|--------|------------|--------------------------------------------------------|
| 1      | Veldig lav | Vil sannsynleg ikkje inntreffe dei neste 5 åra.        |
| 2      | Lav        | Stor sannsynlegheit for å inntreffe dei neste 3-5 åra. |
| 3      | Medium     | Forventa å inntreffe dei neste 3-5 åra.                |
| 4      | Høg        | Pågår eller er forventa å inntreffe innan 3 år.        |
| 5      | Veldig høg | Går føre seg.                                          |

Kriteria for vurdering av konsekvens

| Risiko |            | Kriterium                                                                |
|--------|------------|--------------------------------------------------------------------------|
| 1      | Veldig lav | Ingen eller ubetydeleg risiko for skade og/eller brot på menneskerettar. |
| 2      | Lav        | Lav risiko for skade og/eller brot på menneskerettar.                    |
| 3      | Medium     | Middels risiko for skade og/eller brot på menneskerettar.                |
| 4      | Høg        | Høg risiko for skade og/eller brot på menneskerettar.                    |
| 5      | Veldig høg | Alvorleg risiko for skade og/eller brot på menneskerettar.               |

Leverandør evaluering

| Kategori                                                   | Forurensning eller ulykke |                         | Brot på menneskerettar   |                         | Overdreven bruk av overtid |                         | Tiltak ovanfor leverandør                                                                                                                                                                                                        |
|------------------------------------------------------------|---------------------------|-------------------------|--------------------------|-------------------------|----------------------------|-------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
|                                                            | Sannsynlegheit for avvik  | Vurdering av konsekvens | Sannsynlegheit for avvik | Vurdering av konsekvens | Sannsynlegheit for avvik   | Vurdering av konsekvens |                                                                                                                                                                                                                                  |
| Leverandør kategori 1 - Verft                              | Lav                       | Medium                  | Lav                      | Lav                     | Lav                        | Lav                     | Etter befaring på verft og tilbake-melding fra våre tekniske inspek-tører har vi vurdert sannsynet for at det kan oppstå forureining eller ulykke som lav, men dersom det skulle skje kan det medføre eit betydeleg skadeomfang. |
| Leverandør kategori 2 - Reinhold og renovasjon             | Lav                       | Lav                     | Lav                      | Lav                     | Medium                     | Lav                     | Fjord1 nyttar store norske aktørar i bransjen som er sett på som seriøse selskap. Våre fartøy melder tilbake til administrasjonen dersom dei er usikre på om opp-læringa er tilstrekkeleg.                                       |
| Leverandør kategori 3 - Forsikring                         | Veldig lav                | Veldig lav              | Veldig lav               | Veldig lav              | Veldig lav                 | Veldig lav              |                                                                                                                                                                                                                                  |
| Leverandør kategori 4 - Reperasjon, vedlikehald og service | Lav                       | Lav                     | Lav                      | Lav                     | Lav                        | Lav                     |                                                                                                                                                                                                                                  |
| Leverandør kategori 5 - Brann og redning                   | Lav                       | Lav                     | Lav                      | Lav                     | Lav                        | Lav                     | Ved øving kan det forekomme forureining og skade.                                                                                                                                                                                |
| Leverandør kategori 6 - Catering                           | Lav                       | Lav                     | Lav                      | Lav                     | Lav                        | Lav                     | Fjord1 nyttar norske leverandørar for produksjon og levering.                                                                                                                                                                    |
| Leverandør kategori 7 - Drivstoff / kraft                  | Lav                       | Lav                     | Lav                      | Lav                     | Lav                        | Lav                     | Fjord1 nyttar norske anerkjente leverandørar for leveranse av drivstoff og kraft.                                                                                                                                                |
| Leverandør kategori 8 - IT og system                       | Lav                       | Lav                     | Lav                      | Lav                     | Lav                        | Lav                     | Anerkjente norske og internasjo-nale leverandørar på hardware og software.                                                                                                                                                       |
| Leverandør kategori 9 - Forbruksmateriell og rekvisita     | Lav                       | Lav                     | Lav                      | Lav                     | Lav                        | Lav                     | Fjord1 nyttar norske anerkjente leverandørar. Vi har ikkje kontroll på leverandørkjeda.                                                                                                                                          |
| Leverandør kategori 10 - Hotel og reise                    | Lav                       | Lav                     | Lav                      | Lav                     | Lav                        | Lav                     | Fjord1 nyttar norske anerkjente leverandørar. Vi har ikkje kontroll på leverandørkjeda.                                                                                                                                          |
| Leverandør kategori 11 - Leige / leasing                   | Lav                       | Lav                     | Lav                      | Lav                     | Lav                        | Lav                     |                                                                                                                                                                                                                                  |
| Leverandør kategori 12 - Advokat og konsulent              | Veldig lav                | Veldig lav              | Veldig lav               | Veldig lav              | Lav                        | Lav                     |                                                                                                                                                                                                                                  |

## Oppsummering

Selskapet har gjennomført ei evaluering på overordna nivå per kategori og ikkje vurdert nokon til å ha høg risiko for brot på menneskerettar eller anstendige arbeidsforhold.

I vår vurdering av risiko har vi for kategoriar som verft og reinhald, vurdert det til låg eller veldig låg risiko. Årsaka er at vi ikkje har funne faktiske brot eller identifisert vesentleg risiko for brot. Vi har gjort tiltak og følgjer opp leverandørane om nødvendig.

Fjord1 har ikkje identifisert vesentleg risiko for brot i høve til Openheitslova hos våre leverandørar.

Vi mistenker at det finns meir risiko utover i leverandørkjeda.

Vi går ut frå at det i kategoriane verft og reinhald kan vere risiko for brot på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i heile leverandørkjeda, men evaluering av heile leverandørkjeda er ikkje utført.

Vi har nytta våre tekniske inspektørarar til å gje tilbakemelding til innkjøpsavdelinga om forholda og omstenda rundt verft vi ofte brukar. Tilbakemeldinga frå dei tekniske inspektørane er at helse, miljø og sikkerheit blir teke på alvor, og at dette òg gjeld underleverandørane deira.



Samstundes ser dei at det i enkelte tilfelle kan vere manglande kunnskap om korleis arbeidet skal utførast. Dersom mannskapet eller den tekniske inspektøren observerer mindre brot på HMS under opphaldet, blir dette meldt tilbake til verftsleiinga. Dei opplever at leiinga tek tak i dette og rettar opp. Tilbakemeldinga er at dei ikkje har observert noko uroande eller bekymringsverdig det siste året når dei har vore på norske verft.

Fjord1 har utført innleiande risiko- og vesentlegheitsvurdering, og forsterka risikovurdering basert på tilbakemeldingane i integrity due diligence spørjeundersøkinga. Undersøkinga er sendt til utvalde leverandørar innan kategoriane verft og reinhald, for å ha eit betre grunnlag for å vurdere risikokriteria i den forsterka risikovurderinga.

I vurderingane som er beskrivne er det ikkje identifisert leverandørar som har høg risiko for brot på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold.

## Tiltak

Selskapet vil etterstreve å utvide aktsemdvurderinga til også å omfatte heile leverandørkjeda innan kategoriar med potensiell risiko.

Vi vil halde fram med å førehands-kvalifisere leverandørar med fokus på berekraftig innkjøp som ein del av vår overordna internkontroll.

Vårt krav vil vere at alle avtale-leverandørar skal signere både eigenerklæring HMS og eigenerklæring for samfunnsansvar.

eigenerklæring HMS og eigenerklæring for samfunnsansvar er oppdatert i 2023 og det er innhenta oppdatert signering i kategoriane verft og reinhald.

Aktsemdsvurderingane vil bli utført regelmessig basert på kunnskap vi tileignar oss etter kvart som vi arbeider med dette emnet.

Fjord1 sitt personell som er i direkte kontakt med leverandørar har eit årvake blick for sikkerheit, brot på menneskerettar og arbeidsvilkår og er kjend med varslingsrutinar.





# Varslingskanal



Fjord1 sin varslingskanal finn ein på våre heimesider der ein kan melde frå til oss på ein god måte. Under er link til varslingskanal.

[Openheitslova - Fjord1](#)

Florø, 25.06.2025

## Styret i Fjord1 AS

*Martha Kold Monclair*

Martha Kold Monclair

Styreleiar

*N. Marvell*

Neil Marvell

Styremedlem

*Angela Roshier*

Angela Roshier

Styremedlem

*Antonie Cavaillé*

Antonie Cavaillé

Styremedlem

*Eric Nasby*

Eric Nasby

Styremedlem

*Julia Collin Delavaud*

Julia Collin Delavaud

Styremedlem

*Bjørn Sørli*

Bjørn Sørli

Styremedlem

*Mai Lis Hvitsand*

Mai Lis Hvitsand

Styremedlem

*Geir Bruvik Mjelde*

Geir Bruvik Mjelde

Administrerende direktør  
**Fjord1 AS**



Strandavegen 15  
Tlf.: 57 75 70 00  
[post@fjord1.no](mailto:post@fjord1.no)  
[www.fjord1.no](http://www.fjord1.no)

**Fjord1** 